

Møre og Romsdal: Husdyra skaper jordbruksverdiane

92 prosent av verdiskapinga i jordbruket kjem frå mjølk, storfe, sau og geit – produksjoner som krev mykje areal. Nesten alt jordbruksareal i fylket er i bruk til gras.

- Mjølkeproduksjon, inkludert geitemjøl, står sterkt i landbruket i fylket vårt, seier landbruksdirektør Frank Madsøy hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Mjølke- og kjøttproduksjon frå storfe, sau og geit er arealkrevende jordbruk. Heile 97 prosent av areala i drift i Møre og Romsdal blir nytta til grovfôr eller innmarksbeite. Store utmarksbeite er og ein viktig del av ressursgrunnlaget.

Tala for arealressursane i Møre og Romsdal går fram av dei fylkesvise, nyleg oppdaterte Arealbarometera frå NIBIO. Barometeret viser at fylket har 656 300 dekar jordbruksareal. Det er knappe fem prosent av samla landareal i fylket, og tilsvarer om lag storleiken av Rindal kommune.

Graset er berebjelken

Ti prosent av kumjølkkvoten og 14 prosent av geitemjølkkvoten i Noreg er samla i fylket. Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet. 2,5 mill. liter geitemjøl vert produsert på 38 bruk. Jarlsbergost og Ridderost blir begge produserte i fylket. Det gjer og geitosten Snøfrisk.

- Grasbaserte husdyrproduksjonar som mjølk, storfekjøtt, sau og geit står for 91 prosent av omsetninga, 92 prosent av verdiskapinga og 93 prosent av sysselsettinga i jordbruket. Jordbruket er ei viktig næring i fylket vårt, slår landbruksdirektøren fast.

Jordbær og potet tel og med

For enkelte kommunar er også andre produksjonar svært viktige. Madsøy fortel at 50 prosent av Noregs industrijordbær kjem frå Norddal kommune som har 53 prosent av jordbærarealet i Møre og Romsdal på 1070 dekar. Norddal kommune har verdas nordlegaste yrkesfruktdyrking, og er dominerande på frukt i fylket.

Tre fjerdedelar av potetarealet i fylket, knappe 1 400 dekar, ligg i Sunndal kommune. Der har det vakse fram eit miljø rundt potetdyrking og merkevaren Sunndalspotet. Samla potetareal i fylket utmerker seg ikkje i storleik. Likevel var Møre og Romsdal blant dei fylka i Noreg som hadde høgast avling per dekar i 2016, med 2 756 tonn.

Eit jordbruk i endring

Landbruksdirektør Madsøy fortel at talet på mjølkebønder er halvert sidan tusenårsskiftet, frå 2 081 i år 2000 til 809 i 2015, men at produksjonen framleis er høg. Buskapane blir stadig større, og dyra har i same periode auka yttevnen.

Talet på føretak som mottek produksjonstilskot er gått ned frå 3 008 i 2010 til 2 181 i 2016. Talet driftseiningar totalt er 2 920.

Også arealbruken er endra. Ifølgje Madsøy er nær halvparten av jordbruksareala som bøndene disponerer, leigejord frå bruk som ikkje er i drift. Det pregar både landbruket og landskapet. Areal som tidlegare vart drivne, men er vanskeleg tilgjengelege, blir ikkje lenger brukte. Dei gror igjen.

Leiar for avdeling Landbrukskart i NIBIO, Jostein Frydenlund, supplerer:

- Det meste av jordbruksarealet i Møre og Romsdal er fulldyrka jord som er veileigna til åkervekster og eng. Tilgang på slike areal er avgjerande for landbruket i fylket. Da er det utfordrande at sentrumsområda i stor grad har utvikla seg i områda der dei gode jordbruksareala er.

- Jordvern er krevjande

For første gong er tal for nedbygd jordbruksareal med i Arealbarometeret. I Møre og Romsdal vart 6 581 dekar matjord nedbygd i perioden 2004 til 2015. Dette gir eit årleg gjennomsnitt på 390 dekar.

Stortinget har vedtatt at årleg omdisponering av matjord i Noreg skal ned til under 4 000 dekar per år innan 2020. Møre og Romsdal har rundt fem prosent av Noregs jordbruksareal på 11 282 000 dekar. Om ein legg til grunn at fylket derfor ikkje skal bygge ned meir enn fem prosent av samla maksimalgrense, må fylket ikkje omdisponere meir enn 200 dekar årleg. Landbruksdirektøren kommenterer:

- Fylkestinget vedtok i 2017 *Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017 -2021* der det er vedtatt eit mål for årleg omdisponering av matjord ikkje skal overstige 200 dekar, og at produktive skogareal må vernast mot nedbygging. Dette føreset streng praktisering av regelverket for omdisponering.

Fylkesmannen følgjer opp blant anna ved å reise på kommunebesøk og presentere nasjonal jordvernstrategi og jordvernmåla for politikarar og administrasjon.

Meir om Arealbarometeret

Frydenlund har ansvaret for oppdatering og utvikling av Arealbarometra, som blir brukte av næring, forvaltning, og politikarar når dei treng overblikk over arealressursane og samfunnsverdien deira.

- I ei tid med aukande utfordringar knytt til matproduksjon, klima og energi, vil informasjonsbehovet for planlegging og beredskap innan desse områda vere aukande. Da er det viktig at vi har kart som blir oppdaterte etter kvart som endringar skjer, seier han.

Arealressurskarta frå NIBIO gir informasjon om ressursgrunnlaget i alle norske fylke, og viser kva areal som kan brukast til landbruksproduksjon. Dei er og tilgjengelige på web. Kommunevise Arealbarometer blir og utarbeidd.

Kontaktpersonar ved NIBIO og Fylkesmannens landbruksavdeling i Møre og Romsdal

Jostein Frydenlund, avdelingsleiar for Landbrukskart, divisjon Kart og statistikk, NIBIO

Telefon: 45 28 87 14

E-post: jostein.frydenlund@nibio.no

Frank Madsøy, Landbruksdirektør i Møre og Romsdal

Telefon: 71 25 84 03

Mobil: 97 17 14 93

E-post : frank.madsoy@fylkesmannen.no

Kjelder

- [Arealbarometeret](#) er lagt ved som pdf. Figurar, tekst og bilder kan brukast fritt.
- Fleire Arealbarometer her: <http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer>
- Detaljerte arealressurskart: kilden.nibio.no/
- Om den enkelte landbrukseigedom: gardskart.nibio.no/
- **SSB – NIBIO rapport 2017: [Nedbygging av jordbruksareal](#)**
- en kartbasert undersøkelse av nedbygging